



NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008 216	Doknr.: 165
Mottatt: 7 MAI 2008 ASR/SEP	
Saksbeh.: IAA	Ark.: 479
Kopi:	Avskr.:

Deres ref.:

Vår ref.: 518/OG0/15-2008

Dato: 5. mai 2008

ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA. REGLAR OM BU OG DRIVEPLIKT MV.

Syner til høyringsbrev, dagsett 5.2.2008. Som høyringsinstans vil Norsk Bonde- og Småbrukarlag få gje fylgjande uttale:

Utgreiing:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut forslag til ei rekkje endringar i odelslova, jordlova og konsesjonslova. Av føreslåtte endringar kan ein m.a. dra fram:

- Vedk. konsesjonsplikt, buplikt og odlingsjord vert grensa heva frå 20 da til 25 da dyrka mark.
- Buplikt og odlingsjord skal knytast til produktive arealgrenser (jord og skog). Heilskapsvurdering av eigedomen fell vekk.
- Buplikt for odelsretthavar som føresetnad for konsesjonsfritak.
- Oppfylling av buplikt kan berre skje gjennom at eigaren er registrert i Folkeregisteret som busett på eigedomen. 50 %-regelen for butid vert teken bort.
- Driveplikta skal vera varig for jordbruksareal og ei personeleg plikt, men det skal vera rom for å søkja om fritak.
- Konkrete krav for godkjenning av bortleige av jord i høve til personleg buplikt.

Vurdering frå styret:

Regelverket og dei aktuelle lovene med tilhøyrande forskrifter er viktig både for nasjonal landbrukspolitik og for forvaltninga. Ikkje minst er endringane og viktige for den delegerte landbrukspolitikken ute i kommunane og for fylkeslandbruksstyra. Forslaget frå departementet tek sikte på større sikkerheit for søkjarar, betre målretting og forenkling. Dei fleste framlegga gjeld regelverket om bu- og driveplikt, men departementet. føreslår og endringar som vedkjem odelsretten og i regelverket om tilhøve som ein skal vektleggja i handsaminga av konsesjonssaker.

Mellom anna kan ein trekkja fram:

Ved konsesjonsvurdering skal ein for ettertida leggja særleg vekt på busetnad og kulturlandskap, men og på heilskapleg ressursforvaltning. Likeeins skal lokale myndigheiter taka omsyn til eigedomen sin storleik, avkasting og hustilhøve. Søkjaren sin livssituasjon og tilknytning til eigedomen skal få reduert merksemd.

Frå NBS si side legg ein merke til at fylgjande ikkje skal vektleggjast eter ei eventuell lovendring:
Priskontroll, om eigar er skikka, og om overtakinga (ervert) gjev ei driftsmessig god løysing.

I høyringsbrevet er det og sett fram spørsmål om det er aktuelt med buplikt for utmarkseigedomar, lokale forskrifter for nedsett konsesjonsgrense mv.

Vidare vil ein få uttala:

I dag kan eit gardsbruk odlast dersom det har 20 da jordbruksareal eller meir. Arealet er pr. i dag ikkje nærare definert, slik at alt jordbruksareal – både fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite er med i arealgrunnlaget. I konsesjonslova er arealet som trengs for at det skal vera naudsynt å søkja konsesjon; minst 20 da fulldyrka eller 100 da totalt areal.

Landbruks- og matdepartementet ynskjer i framlegget sitt at arealgrunnlaget for odlingsjord og for å krevja konsesjon vert endra. Ei slik endring medfører at innmarksbeite vert teke bort som teljande areal når storleiken på ein landbrukseigedom skal fastsetjast. Dette vert grunngeve med at innmarksbeite utgjer ein liten del (16,6 %) av totalt jordbruksareal i landet, vidare at det er lite produktivt areal som lett kan kompenseras og at ein eigedom med mykje slikt areal ikkje vil gje eit nemnande eller vesentleg del av hushaldninga sitt levebrød.

Frå styret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag si side vil ein få seie at av den 1/6 del av totalt jordbruksareal som er innmarksbeite- ligg dette mest på Vestlandet, og i andre distriktsbygder. Å kutta ut dette arealet som teljande areal kan ramma desse regionane for hardt. Både i fjell, fjord og kystbygder er eit velstelt innmarksbeite eit særleg viktig element i kulturlandskapet.


Norsk Bonde- og Småbrukarlag finn det rett å avgrensa høyringsvaret til nokre få vesentlege poeng. Styret i laget støttar i utgangspunktet intensjonen i framlegget frå departementet. Slik NBS vurderer sakstilfanget så ynskjer departementet mellom anna å hindra omdanning frå landbruk til fritidseigedomar. Dette er eit initiativ som me går god for. Likeins er det bra at styresmaktene no vil gå inn for å skjerpa buplikta for odelsløysarar. Heilskapen i høyringsbrevet ser og ut til å vera ivareteke.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil likevel leggja vekt på fylgjande viktige moment og be Landbruks- og matdepartementet ta omsyn til desse innvendingane ved endeleg handsaming.

1. Med omsyn til buplikt kan ikkje formell tilknytning til Folkeregisteret vera det einaste kriteriet. Reell busetnad på gardsbruket må leggjast til grunn. I den samanheng syner ein og til at dei statlege folkeregister-kontora i dag er sentraliserte og at den tidlegare nærleikskunnskapen er borte. Landbruksforvaltninga i kommunane må ha ei viktig rolle i forvaltninga av desse sakene.
2. Kommunane må framleis føreta ei seriøs prisvudering i konsesjonssaker. Dette er viktig for å kunna hindra rein eigedomsspekulasjon.
3. Innmarksbeite (tidlegare kalla gjødsla beite) som er synt på oppdaterte landbrukskart skal takast med i grensa for 25 da dyrka mark. Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil presisera at teksten i den nye odelslova og i konsesjonslova må endrast frå 25 da dyrka mark til 25 da jordbruksareal. Alt jordbruksareal, både fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite, må leggjast til grunn når ein skal fatsetja kva arealressursar har eit gardsbruk har.

Med helsing
Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Ole Anton Teigen
Leder




Olaf Godli
Generalsekretær